

Verdas kjernekraftstatus i 2001

Tal frå kjernekraftreaktor informasjonssystemet (PRIS) til det Internasjonale atomenergibyrådet (IAEA) viser at det var 440 kjernekraftreaktorar, fordelt på 31 nasjonar, i drift i 2001. To nye kjernekraftreaktorar blei starta opp i løpet av året. Av desse er ein i Japan og ein i Russland.

I tillegg blei det sett i gong arbeid med tre nye kjernekraftreaktorar – ein i Kina og to i Japan. Totalt er 32 kjernekraftreaktorar under bygging i verda i dag.


Dei mest kjernekraftavhengige i verda

Dei ti landa som i størst grad baserer seg på kjernekraft er (i prosent i høve til total elektrisitetsproduksjon):

- Frankrike 76 %
- Litauen 74 %
- Belgia 57 %
- Slovakia 53 %
- Ukraina 47 %
- Bulgaria 45 %
- Ungarn 41 %
- Sør-Korea 41 %
- Sverige 39 %
- Sveits 38 %

Totalt er det 16 land som får dekt minst 25 % av elektrisitetsbehova sine ved hjelp av kjernekraft.

Totalt står kjernekraft for 16 % av den totale elektrisitetsproduksjonen i verda, og av dette er 83 % konsentrert i i-land.



Ignalina kjernekraftverk i Litauen.

Tabellen på neste side gir ei oversikt over land med reaktorar som er i drift og under bygging, samt kor stor del av landet sin totale elektrisitetsproduksjon som kjem frå kjernekraft.

Les meir på IAEA sine internettsider:
www.iaea.org.

Kjernerkraftreaktorar i drift og under bygging i 2001

Land	Operative reaktorar	Reaktorar under bygging	Kjernerkrafta sin del av total elektrisitetsproduksjon i %
Argentina	2	1	7
Armenia	1		33
Belgia	7		57
Brasil	2		2
Bulgaria	6		45
Canada	14		12
Finland	4		32
Frankrike	59		76
India	14	2	3
Iran		2	
Japan	54	3	34
Kina	3	8	1
Litauen	2		74
Mexico	2		4
Nederland	1		4
Pakistan	2		2
Romania	1	1	11
Russland	30	2	15
Slovakia	6	2	53
Slovenia	1		37
Spania	9		28
Storbritannia	35		22
Sveits	5		38
Sverige	11		39
Sør-Afrika	2		7
Sør-Korea	16	4	41
Taiwan	6	2	24
Tsjekkia	5	1	19
Tyskland	19		31
Ukraina	13	4	47
Ungarn	4		41
USA	104		20
Totalt	440	32	